



Rettane til LHBTI-barn i Noreg

Vurdering og tilrådingar i lys av FN sin barnekonvensjon



Redd Barna



Skeiv Ungdom
for mangfold / mot diskriminering

INNHALD

INNHALD	2
FORORD	3
1. INNLEIING	4
2. KUNNSKAP OG INFORMASJON	6
2.1. Kunnskap gir tryggleik	6
2.2. Opplæring og undervisning	6
2.3. Helsepersonell	7
3. IKKJE-DISKRIMINERING	9
3.1. Diskrimineringsforbudet i norsk rett	9
3.2. Klage på diskriminering	9
4. UTVIKLING AV IDENTITET	11
4.1. Å «kome ut»	11
4.2. Endring av namn	11
4.3. Endring av juridisk kjønn	12
4.4. Kjønnsideidentitet før tenåra	13
5. HELSE	14
5.1. Barn si helse	14
5.2. Intersex-barn	14
5.3. Barn med kjønnsideidentitetstematikk	16
6. LIV, UTVIKLING OG FRIDOM FRÅ OVERGREP	19
6.1. Vald og overgrep	19
6.2. Mobbing og trakassering	20
6.3. Sjølv mord og sjølv mordsforsøk	21
7. OPPSUMMERING/SAMANDRAG	23
8. KJELDER	24
9. ORDLISTE	26

FORORD

Hvordan står det til med lhbti-barns rettigheter i Norge?

FNs konvensjon om barnets rettigheter (barnekonvensjonen) gir rettigheter til alle barn, uansett hvem de er og uansett hvilken seksuell orientering, kjønnkategorisering, kjønnsideidentitet eller kjønnsuttrykk de har. Barn som er lesbiske, homofile, bifile, trans eller med atypiske kjønnkategorisering (intersex), såkalte lhbti-barn har i teorien samme rettigheter som andre barn, men i praksis så viser forskning at det er stor grad av diskriminering, mobbing og andre forhold som utfordrer/bryter lhbti-barns rettigheter. Det er lite kunnskap om i hvor stor grad og på hvilke områder disse barna ikke får oppfylt deres rettigheter, og LLH – Landsforening for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner, Skeiv ungdom og Redd Barna ønsket derfor å kartlegge dette.

Rapporten er skrevet av Ingrid Thorsnes. Kartleggingen har blitt gjennomført ved at rapportforfatter har analysert tilgjengelig relevant data og forskningsprosjekter, politiske retningslinjer, lover og forskrifter knyttet opp mot tematikken og opp mot barns rettigheter slik de er nedfelt i barnekonvensjonen.

Kartleggingen viser at barn som bryter med normer for kjønn og seksualitet er dårligere stilt på sentrale oppvekstarenaer som for eksempel helse og utdanning. Det er blant annet et stort behov for økt kunnskap og tilgjengelig informasjon til voksne som møter barn og unge, enten det dreier seg om foreldre, helsepersonell, ansatte i barnehage og skole, eller andre fagpersoner. Kunnskap og informasjon er viktig både for at voksne skal kunne møte barn på en trygg måte, og for å motvirke fordommer. Dette kan igjen bidra til mindre mobbing, trakassering og diskriminering. Like viktig er tilgjengelig informasjon om kjønn og seksualitet til barn og unge.

Norske myndigheter er forpliktet ut fra barnekonvensjonen og norsk lov, til å sette i gang tiltak for å sikre at alle barn og unge får oppfylt sine rettigheter. I denne rapporten er det formulert tydelige anbefalinger til myndighetene slik at de kan starte arbeidet for at denne gruppen barn også skal få sine rettigheter oppfylt.

God lesning!

Vennlig hilsen,
LLH – Landsforening for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner,
Skeiv ungdom og
Redd Barna

INNLEIING

Denne rapporten er skriven på oppdrag frå Redd Barna, LLH og Skeiv Ungdom.¹ Føremålet med rapporten er å sette søkjelys på menneskerettane til barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet i Noreg. Med barn meinast alle personar under 18 år.²

Rapporten byggjer på den forståinga at sterke normer for kjønn og seksualitet er eit grunnleggjande problem for oppfylling av barn sine menneskerettar. Når barn bryt med slike normer møter dei reaksjonar som gjer at dei vert dårlegare stilt enn andre. Mellom anna vert barn utsett for diskriminering, mobbing og andre tilhøve som bryt med menneskerettane deira.³ Det er på denne bakgrunn behov for å samle og kartlegge dei menneskerettslege utfordringane på dette feltet, slik at det ligg føre eit kunnskapsbasert utgangspunkt for vidare arbeid.

Barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet, vil ikkje naudsyntvis forstå seg sjølv som homofil, lesbisk, bifil, trans eller intersex (lhbti).⁴ Sjølv om nokon barn kan vere klare på at dei identifiserer seg med ein eller fleire av desse nemningane, er det også nokon som ikkje finn seg til rette i dei nemnde kategoriane. Mange brukar tida som ungdom og ung vaksen til å finne ut av spørsmål om seksuell orientering og kjønnsidentitet. I rapporten vil det derfor verte fokusert på at det er samfunnet sine normer som gjer at desse barna skil seg frå majoriteten, heller enn å sette merkelappar på barnas kjønn, kjønnsidentitet eller seksuelle orientering.

Mangfald og ei inkluderand tilnærming til kjønn og seksualitet vil kome alle barn til gode, også dei som ikkje seinare i livet vil identifisere seg som lhbti. Ved at ramene for kjønn og seksualitet vert utvida, kan barn få større fridom til å utvikle sin personlegdom, identitet og seksualitet fritt og utan sanksjonar i møte med samfunnet.

Utgangspunktet for kvart kapittel i rapporten er barn sine menneskerettar som nedfelt i FN sin barnekonvensjon. Barnekonvensjonen er ei samling av barn sine menneskerettar.⁶ Barn sine rettgar er også beskytta i Grunnlova § 104. For å vurdere om staten oppfyller sine menneskerettslege forpliktingar er relevante data, forskingsprosjekt, politiske retningslinjer, lover og forskrifter gjennomgått. Det er i hovudsak norske kjelder som er nytta i rapporten. I tillegg til dei skriftlege kjeldene har Redd Barna gjennomført ei samling der barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet fekk fortelje om sine egne opplevingar.⁶

Rapporten er hovudsakleg ei *menneskerettsleg vurdering* av korleis norske styresmakter oppfyller menneskerettane til barn på lhbti-feltet. Rapporten behandlar derfor i mindre grad andre fagfelt som har stor betydning for spørsmåla som vert drøfta i rapporten, her under psykologi og sosiologi.

1) Rapporten er basert på ein tilsvarande rapport frå 2014 som gjeld tilhøva i Nederland, og som er utarbeida av COC Netherlands, Transgender Network Netherlands, og Netherlands Network Intersex/DSD.

2) Jamfør FNs barnekonvensjon artikkel 1.

3) Commissioner for Human Rights (2014)

4) Sjå kapittel 8 for ei ordliste som forklarar sentrale omgrep i rapporten

5) Barnekonvensjonen er inntekte i menneskerettslova (Lov av 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett). Konvensjonen forrang framfor norsk lov, noko som betyr at desse reglane er gitt ei særleg strek stilling i norsk rett. FNs barnekomité fører tilsyn med at statane som er tilslutta konvensjonen oppfyller sine forpliktingar etter denne, og barnekomiteen si tolking av konvensjonen er derfor av stor betydning for korleis vi skal forstå innhaldet i dei ulike rettane.

6) Samlinga blei gjennomført i Redd Barna sine lokaler 10. oktober 2015. På samlinga deltok 16 ungdommar i alderen 15-18. Ungdomane kom frå ulike stader i landet. Samlinga var leia av Margrete Bjørge Katanasho frå Press, Redd Barna sin ungdomsorganisasjon.



KUNNSKAP OG INFORMASJON

Av barnekonvensjonen artikkel 17 følger det at staten skal sikre barn tilgang til informasjon frå eit mangfold av nasjonale og internasjonale kjelder. Retten til informasjon må lesast i samanheng med retten til utdanning i artikkel 28 og 29. Etter konvensjonen skal utdanninga mellom anna fremje utvikling av personlegdommen til barnet og skape respekt for menneskerettane.

2.1. KUNNSKAP GIR TRYGGLEIK

Kunnskap og tilgjengeleg informasjon er viktig både for at vaksne skal kunne møte barn som har spørsmål om kjønn og seksualitet på ein trygg måte, og for å motverke stereotypiar og fordommar. Dette kan igjen bidra til mindre mobbing, trakassering og diskriminering.

Mange barn føler seg i dag åleine i kjensla om å ikkje "passe inn" i samfunnet sine forventningar til kjønn og seksualitet. Mellom anna fortel unge vaksne transpersonar om fråvær av kunnskap om kva det vil seie å være transperson blant dei vaksne dei måtte forholde seg til i barndommen.⁷ Eit viktig prosjekt som bidreg til å gjere kunnskap og informasjon om det å bryte med normer for kjønn og seksualitet tilgjengeleg er undervisningstilbodet Rosa kompetanse.⁸ Tilbodet er utvikla av LLH, og finansiert av styresmaktene.⁹ Rosa kompetanse underviser helsepersonell, skuletilsette, politi og påtalemyndighet om korleis ein kan snakke trygt om kjønn og seksualitet. Målet er å bidra til auka kunnskap om det å være lesbisk, homofil, bifil eller transperson i Noreg. Skeiv Ungdom sitt prosjekt «Restart» er også eit eksempel på kompetanseheevande tiltak som fokuserer på normer knytt til kjønn og seksualitet blant skuleelevar.¹⁰

For mange barn kan det vere ein viktig del av prosessen med å finne ut av spørsmål om kjønn og seksualitet at ein møter andre som har hatt same erfaringar, eller på same tid går gjennom liknande prosessar. Hjå Senter for ung seksualitet, Sex og samfunn, organiserer dei mellom anna ei samtalegruppe for unge transpersonar.¹¹ Målet med samtalegruppa er at unge menneske skal møte andre i liknande situasjonar for å dele erfaringar. Hjå Sex og samfunn fortel dei at det viktig for dei som deltek på samtalegruppa å bygge nettverk og få vener som har opplevd noko av det same som dei sjølv.

Mange barn søkjer også informasjon på internett, og det er derfor av stor betydning at det finst lett tilgjengeleg, forståeleg og påliteleg informasjon som barn trygt kan finne på nett. Det er i dag særleg interesseorganisasjonar og private aktørar som står for informasjon som er tilgjengeleg for barn. Barne- ungdoms- og familiedirektoratet har mykje informasjon på sine nettsider, men desse synast ikkje å i utgangspunktet være retta mot barn. Det finst også svært få tilgjengelege kjelder på norsk som handlar om intersex.

Trygg informasjon på internett var også eit tema som kom opp under samlinga i regi av Redd Barna. Fleire av ungdommane peika på at det er mykje feilinformasjon på nettet, og at det er viktig at det finst påliteleg informasjon som er skriven med eit språk som gjer den tilgjengeleg for barn.

TILRÅDING:

- Sikre kunnskap om barn som bryt med normene for kjønn og seksualitet blant personar som arbeidar med barn og unge, her under helsepersonell, barnevernstilsette, barnehagetilsette, skuletilsette, politi og påtalemyndighet. Dette kan mellom anna gjerast ved å styrke og vidareføre støtte til prosjekt som Rosa kompetanse og Restart.
- Sikre trygg og tilgjengeleg informasjon om det å bryte med normene for kjønn og seksualitet på internett, skular og hjå helsesøster, og gi informasjon om kvar ein kan møte andre med liknande erfaringar.

2.2. OPPLÆRING OG UNDERVISNING

Skulen er ein sentral arena for utvikling av haldningar til seg sjølv og til andre. Det er derfor avgjerande at skulen, både gjennom innhaldet i undervisninga og i det psykososiale skulemiljøet, er medvitne om korleis elevar vert møtt når det gjelder spørsmål om kjønn og seksualitet.

Dessverre er undervisninga som vert gitt om det å bryte med normer for kjønn og seksualitet, om den vert gitt i det heile, ofte svært mangelfull.¹² Kunnskap om kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk er i svært liten grad omhandla i pensum-bøkene, og på grunn av overordna læreplanmål vert det i stor grad opp til den einskilde lærar å velje om desse temaa skal handsamast i undervisninga. Seksuell orientering vert omtala i noko større grad enn trans og intersex, men homofili vert i stor grad framstilt som ein anleisheit som må «tolerast». I seksualundervisninga vert homofili i svært liten grad omtala, og ingen lærebøker handsamar seksuell omgang mellom to av same kjønn.

Mangel på informasjon og kunnskap hjå lærarar og i lærebøker kan bidra til å forsterke kjensla av einsemd og utanforskaps hjå barn som bryt med samfunnet sine normer for kjønn og seksualitet. I tillegg kan manglande kunnskap hjå andre barn føre til mobbing og utestenging.¹³

TILRÅDING:

- Sikre likeverdig undervisning og skulemiljø i både offentlige og private skular, mellom anna ved at kunnskap om det å bryte med normer for kjønn og seksualitet vert inkludert i opplæring av lærarstudentar og i vidareutdanning av lærarar.

2.3. HELSEPERSONELL

Helsepersonell tar sjeldan opp seksuell orientering i møte med pasientar,¹⁴ og transpersonar som har oppsøkt lege med ønske om å starte kjønnsbekreftande behandling, fortel at dei opplev at dei sjølv må lære opp helsepersonellet.¹⁵ Hjå Senter for ung seksualitet, Sex og samfunn, fortel unge transpersonar om det å ikkje verte trudd av helsepersonell som ei stor belastning. I tillegg opplev dei at helsepersonell ikkje brukar det pronomenet pasienten ber om at dei skal bruke. Dette kan opplevast som svært krenkande i ein allereie sårbar situasjon. Under Redd Barna si samling fortalte barn også om kor tungt det var å ikkje verte trudd når ein opna seg for vaksne om sin kjønnsidentitet.

I rapporten «Rett til rett kjønn – helse til alle kjønn» vert det peika på at mangel på kunnskap og kompetanse om barn som opplev at det ikkje er semje mellom kjønnsidentitet og det kjønn dei blei registrert med ved fødselen.¹⁶ Ekspertgruppa bak rapporten konkluderer med at det er behov for auka kompetanse i alle delar av helsetenesta for å sikre at denne pasientgruppa får faglig forsvarleg helsehjelp, og vert møtt av helsepersonell med forståing og respekt. Eit slikt kunnskapsløft er nausynt, men vil ta tid. I mellomtida kan det vere føremålstenleg med eit helsepersonelltilbod som har spesialkompetanse på dette feltet. I Oslo finst til dømes ein helsestasjon for LHBT-ungdom mellom 13 – 30 år.¹⁷ Helsepersonell bør også nytte det materialet som eksisterer for å auka kunnskapen sin på dette feltet, mellom anna ved å ta i bruk ressurshefte for helsepersonell utvikla av Skeiv Ungdom.¹⁸

TILRÅDING:

- Sikre at kunnskap om barn som bryt med normene for kjønn og seksualitet er inkludert i opplæring og vidareutdanning av helsepersonell og andre relevante yrkesgrupper for å sikre likeverdige helsetenester
- Vurdere oppretting av «helsestasjon for LHBTI-ungdom» i andre norske byar.

7) Van der Ros (2013) s. 73.

8) Les meir om Rosa kompetanse på LLH sine nettsider - http://www.llh.no/nor/prosjekter/rosa_kompetanse/

9) Prosjektet er finansiert av Helsedirektoratet, Politidirektoratet, Utdanningsdirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

10) Skeiv Ungdom – Restart (2012)

11) Sex og samfunn - Samtalegruppe for unge transpersoner

12) Grønningstøtter m.fl. (2013) s. 37 og vidare og Drefveli (2015).

13) Meir om dette i kapittel 6.

14) Angeltvedt (2013) og Øverås (2010)

15) Van der Ros (2013) s. 68

16) Rett til rett kjønn (2015) s. 122

17) Helsestasjon for LHBT-ungdom - <https://www.oslo.kommune.no/helse-og-omsorg/helsestasjon-vaksine-og-skolehelse-tjenesten/helsestasjon-for-lhbt-ungdom/>

18) Skeiv Ungdom - Mannen, kvinnen og meg (2015)

IKKJE-DISKRIMINERING

Etter barnekonvensjonen artikkel 2 skal rettane i konvensjonen gjeld for alle barn utan forskjellsbehandling og utan omsyn til rase, farge, kjønn, språk, religion, opphav, eigedom, funksjonshemming eller andre forhold. Staten skal sørge for at ingen vert diskriminert. Diskriminering av barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet er ikkje særskilt nemnd i artikkel 2, men FN's barnekomité har uttala at også diskriminering på dette grunnlaget er i strid med i konvensjonen.¹⁹

3.1. DISKRIMINERINGSFORBODET I NORSK RETT

Diskrimineringslova om seksuell orientering forbyr diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk på alle samfunnsområder.²⁰ Lova gjeld i utgangspunktet for barn på same måte som vaksne, men gjeld ikkje i personelege forhold. Avgjerder som føresette tek på vegne av barnet, og som kan opplevast som diskriminerande for barnet, vil derfor ikkje verte omfatta.

Diskriminering er når ein vert dårlegare stilt enn andre ein kan samanlikne seg med, og dette har samband med seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk. Slik forskjellsbehandling kan unntaksvis vere tillat dersom den er naudsynt for å oppnå eit sakleg formål og ikkje uforholdsmessig inngripande.²¹ Lova pålegg også ei aktivitets- og reiegringsplikt som inneber at det skal arbeidast systematisk og kontinuerleg for å førebyggje diskriminering i offentlege tenester. I tillegg inneheld lova ei plikt for utdanningsinstitusjonar og organisasjonar å arbeide mot trakassering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

Det norske diskrimineringsvernet gir i utgangspunktet eit meir omfattande vern enn barnekonvensjonen krev, fordi konvensjonen sitt vern gjeld ved oppfyljing av rettane i konvensjonen, medan det norske diskrimineringsvernet gjeld på alle samfunnsområder. Slik lova er formulert, går det

imidlertid ikkje uttrykkeleg fram at intersex-barn er omfatta. Desse barna møter i utgangspunktet ikkje utfordringar knytt til kjønnsidentitet eller uttrykk, men til sitt fødde biologiske kjønn, som ikkje passar inn i kjønnskategoriane «mann» og «kvinne». Av førearbeida til diskrimineringslova følgjer det likevel at intersex-barn skal omfattast av diskrimineringsvernet, samt at dei er verna av likestillingslova som forbyr diskriminering på grunn av kjønn.²² Sjølv om det følgjer av førearbeida at intersex-barn er omfatta av diskrimineringsvernet, kan det vere eit viktig signal å forby dette uttrykkeleg i diskrimineringsregelverket, til dømes ved å inkludere «kjønnskarakteristikk» som eit diskrimineringsgrunnlag. Barne- likestilling- og inkluderingsdepartementet sendte hausten 2015 på høyring eit forslag til ei ny, felles likestillings- og diskrimineringslov.²³ Intersex-barn er ikkje nemnd i høyringsnotatet.

TILRÅDING:

- Utvikle praktiske retningslinjer til offentlege tenesteytarar, utdanningsinstitusjonar og organisasjonar for å hindre og førebyggje diskriminering og trakassering av barn som bryt med normene for kjønn og seksualitet.
- Tydeleggjere at også intersex er omfatta av diskrimineringsforbode i diskrimineringslova om seksuell orientering, til dømes ved å ta «kjønnskarakteristikk» inn som eige diskrimineringsgrunnlag.

3.2. KLAGE PÅ DISKRIMINERING

Likestillings- og diskrimineringsombodet handhevar diskrimineringslova om seksuell orientering, og kan handsame klagesaker om diskriminering av barn. Barn må som hovudregel ha støtte frå sine føresette for å klage ei sak inn

¹⁹) Committee on the Rights of the Child (2013) pkt. 8.

²⁰) Lov av 21 juni 2013 nr. 58 om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

²¹) Diskrimineringslova om seksuell orientering forbyr diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk § 5 skil mellom direkte og indirekte diskriminering: "Med direkte forskjellsbehandling menes en handling eller unnlatelse som har som formål eller virkning at en person blir behandlet dårligere enn andre i tilsvarende situasjon, og at dette skyldes seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk. Med indirekte forskjellsbehandling menes enhver tilsynelatende nøytral bestemmelse, betingelse, praksis, handling eller unnlatelse som fører til at personer stilles dårligere enn andre, og at dette skjer på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk."

²²) Prop.88 L (2012-2013) pkt. 16.3.5.2.

²³) Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2015).

UTVIKLING AV IDENTITET

for ein offentleg klageinstans. Skeiv Ungdom har erfart at fordi mange barn ikkje opne om sin kjønnsidentitet eller seksuell orientering overfor familie, venner eller andre, bidreg frykta for å få sin identitet utlevert til å heve terskelen for å melde frå om diskriminering.

Ombodet har sidan den nye diskrimineringslova om seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk tredde i kraft 1. januar 2014 motteke om lag 15 førespurnader som har omhandla barn. Førespurnadene gjeld mellom anna mobbing, ønske om å endre namn, få endra namn på vitnemål og avslag på behandling ved Nasjonal behandlingsteneste for transseksualisme ved Oslo universitetssjukehus. Det er gjennomgåande foreldra som har kontakta ombodet på vegne av barna sine. Tre av desse sakene har vorte handsama som klagesaker.²⁴ To av dei tre av sakene omhandla same barn. Ein av sakene blei avvist og i dei to andre kom ombodet til at det ikkje hadde skjedd brot på diskrimineringsforbodet.

Barneombodet har ansvar for å føre tilsyn med at norske styresmakter oppfyller rettane sine etter FN's barnekonvensjon, men Barneombodet har ikkje myndigheit til å behandle enkeltsaker frå barn som opplever at dei er utsett for diskriminering. Noreg er heller ikkje tilslutta ordninga som gjer det mogeleg å klage enkeltsaker om brot på barnekonvensjonen inn for FN's barnekomité.²⁵

Som denne rapporten viser, møter barn som bryt med samfunnet sine normer for kjønn og seksualitet større utfordringar enn andre barn på fleire område, mellom anna i møte med helsevesen og andre offentlege myndigheiter. Fleire vert også utsett for mobbing og trakassering. Det kan derfor ikkje leggjast til grunna at få klagesaker er ein indikasjon på at diskriminering ikkje finn stad blant barn. Snarare kan det gjerast gjeldande at ein av grunnane til at få diskrimineringssaker vert prøvd i handhevingsorgana er at desse i praksis ikkje er tilgjengelege for barn.²⁶ For å kunne klage må ein for det første kjenne til rettane sine, og ein må veit kven ein kan kontakte dersom ein vert utsett for diskriminering.

Når klageinstansane som skal handheve diskrimineringsvernet ikkje er tilgjengelege for barn, inneber det ei utholing av retten til ikkje-diskriminering. Det kan også hevdast at det å ikkje ha tilgjengelege klagemogelegheiter i seg sjølv utgjer eit brot på effektiv oppfylging av barnekonvensjonen.²⁷

TILRÅDING:

- Sikre at barn får informasjon om retten til ikkje bli diskriminert og kven dei kan kontakte dersom dei vert utsett for diskriminering eller trakassering. Slik informasjon kan til dømes bli spreidd på nett og ved utdanningsinstitusjonar.
- Utreie klagemogelegheitene for barn på nasjonalt nivå med føremål om å gjere dei meir tilgjengelege for barn, til dømes ved at Barneombodet får mogelegheit til å behandle klagesaker
- Ratifisere tilleggsprotokollen om klagemogelegheit til FN's barnekonvensjon

Av barnekonvensjonen artikkel 8 følgjer det at staten skal respektere retten til å halde på- og utvikle identiteten sin. Kjønn og seksualitet er viktige delar av dei fleste menneske sin identitet. Retten til å få uttrykke identiteten sin må sjåast i nær samheng med barnet sin rett til å gi uttrykk for meininga si etter barnekonvensjonen artikkel 12. Det er også viktig at barnet sjølv får velje om kven som skal få vite personlege opplysningar om kjønn og seksualitet. Barnet sin rett til privativ er beskytta i barnekonvensjonen artikkel 16.

4.1. Å «KOME UT»

Det kan vere vanskeleg for barn i Noreg å vere open om sin seksuelle orientering og sin kjønnsidentitet. Dette kom mellom anna fram i samlinga i regi av Redd Barna. Fleire av deltakarane fortalde om negative reaksjonar frå familie og andre barn. Sterke forventningar til å vere heterofil, og enten å identifisere seg som mann eller kvinne i samsvar med det kjønnet ein blei registret med ved fødselen, kan gjere det svært utfordrande for barn å akseptere seg sjølv og finne aksept hjå andre.

Vaksne personar som har ein barndom med kjønnsidentitetstematikk, fortel til dømes at det å bryte med normer for kjønn førte til sanksjonar, både frå foreldre, lærarar og andre barn.²⁸ Nokre vel derfor å ikkje vere open om sin seksuelle orientering og/eller kjønnsidentitet, medan andre til dømes er opne med vener, men ikkje i familien. Slike negative reaksjonar på å bryte med samfunnet sine normer om kjønn og seksualitet må sjåast i samheng med mangel på kunnskap, og heng slikt nært saman med tilrådingane som vert gitt i kapittel 2.

Retten til privatliv var også eit tema som kom opp under samlinga i regi av Redd Barna. Deltakarane gav uttrykk for at det var viktig at det dei fortalde til vaksne ikkje blei fortalt vidare. Ei jente fortalte at ho hadde sagt frå til gym-læraren sin at ho var tiltrekt av jenter. Ho var redd for at dei andre jentene i klassen ville tru at ho såg på dei, og ønska derfor å dusje for seg sjølv. Dette ordna gym-læraren, men sa det også vidare til jenta sin kontaktlærar, noko

deltakaren opplevde som krenkande for henna privatliv. Ho ville sjølv velje kven som fekk vite om hennar seksuelle orientering.

Bruk av toalett og garderober som er delt inn etter kjønn kan også opplevast som utleverande for personar med kjønnsidentitetstematikk. Mange føler at dei ikkje kan bruke nokon av toaletta i frykt for å møte negative reaksjonar. Dette er også eit tema som fleire barn med kjønnsidentitetstematikk tok opp på Redd Barna si samling.

TILRÅDING:

- Gjere lærarar og andre som arbeidar med barn medvitne på at opplysningar om kjønn og seksualitet er sensitive personopplysningar som ikkje skal delast vidare om barnet ikkje ønskjer dette
- Gjennomgå reglar for utforming av garderober og toalett med sikte på å lage eit regelverk som sikrar personar som ikkje passer inn i tokjønnsmodellen reell tilgang til toalett og garderober i arbeidslivet, på skoler, i asylmottak, institusjonar og andre bygg som skal vere offentleg tilgjengelege

4.2. ENDRING AV NAMN

Barn som opplev å ha ein anna kjønnsidentitet enn det som vert reflektert i eit kjønnsbestemt namn, ønskjer ofte å endre namnet sitt. Namnet kan endrast til eit kjønnsnøytralt namn (til dømes Alex), til to namn der kvar av namna er kjønnsbestemt for mann/kvinne (til dømes Espen Esther) eller til eit namn som er kjønnsbestemt for eit anna kjønn enn personen blei registrert med ved fødselen. Etter namnelova²⁹ er det ikkje tillat å ta namn som kan bli til "vesentlig ulempe" for personen det gjeld, og i eit rundskriv frå Justisdepartementet går det fram at det ikkje kan veljast gutenamn for jenter og omvendt.³⁰ Rundskrivet gjer likevel eit unntak for transpersonar.³¹

24) LDO sine klagesaker på feltet:

Sak 14/1677 Gutt får ikke fjerne brystene på Rikshospitalet pga aldersgrense (ikkje brot)

Sak 14/2375 Behandling av transseksuelt barn hos BUP (avvist)

Sak 14/1343 Informasjon om homofili på nettside (ikkje brot)

25) Optional Protocol to the Convention on the Rights of the Child on a communications procedure

26) Høstmølingen, Kjørholt og Sandberg (2012) s. 77

27) Committee on the Rights of the Child (2003). For ei nærare drøfting av spørsmålet sjå Kvalø (2014).

28) Van der Ros (2013) s. 72 og vidare.

29) Lov av 7. juni 2002 nr. 19 om personnamn

30) Rundskriv G-20/02 Om ny navnelov

31) Av rundskriv G-20/02 følgjer det: «Jentenavn for mann eller guttenavn for kvinne skal imidlertid tillates for personer som er i gang med en kjønnskifteprosess, og som har begynt med hormonbehandling, selv om kjønnskiftet ikke er fullført. Det skal også tillates jentenavn for menn og guttenavn for kvinner som har en transgender identitet (transepersoner) uten at de nødvendigvis er i gang med en kjønnskifteprosess.»

Etter namnelova må barn ha samtykke frå sine føresette for å få endra namn. Etter at barnet er 12 år må også barnet sjølv samtykke til namneendringa. Dagens regelverk inneber at barn i utgangspunktet er avhengige av foreldra sitt samtykke for å få endra namnet sitt. Namnelova tek i liten grad omsyn til barnet sin rett til å gi uttrykk for si meining etter barnkonvensjonen artikkel 12.

Namnelova inneheld eit unntak frå hovudregelen om samtykke der det ligg føre "særleg grunn". Av rundskrivet frå Justisdepartementet går det fram at det skal vere høg terskel for bruk av denne unntaksregelen.³² Dette gjer det er svært vanskeleg for barn som ønskjer å endre namnet sitt i tråd med sin kjønnsidentitet å få endre namn utan samtykke frå sine føresette. Helsedepartementet la sommaren 2015 fram eit lovendringsforslag frå der det mellom anna vert foreslått at nedre aldersgrense for å endre namn skal settast til 16 år.³³ For barn under 16 år vil det framleis vere naudsynt med foreldra sitt samtykke med mindre det ligg føre "særleg grunn". Omsynet til barnet sin rett til å gi uttrykk for si meining og utvikle sin identitet tilseier at barn som ønskjer å endre namnet sitt slik at det er i samsvar med deira kjønnsidentitet, bør få gjere dette utan foreldra sitt samtykke.

For personar som her endra namn for å få eit namn som er i samsvar med deira kjønnsidentitet, kan det vere naudsynt å få endra namn på vitnemål, attestar og liknande. Dersom ein har endra frå jentenamn til gutenamn eller omvendt, men det på sentrale offentlege dokument står det gamle namnet, kan dette også verte unødvendig utlevering av personlege opplysningar.

TILRÅDING:

- **Aldersgrensa for namneendring bør senkast frå 16 til 8.**
- **Rundskriv G20/02 bør endrast slik at barn under 6 år som ønskjer å endre namnet sitt slik at det er i tråd med kjønnsidentiteten deira, får gjere dette utan foreldra sitt samtykke.**
- **Utarbeide gode prosedyrar for å få endra namn på offentlege dokument som vitnemål, attestar og liknande, samt for å ivareta personvernomsyn i offentlege registre.**

4.3. ENDRING AV JURIDISK KJØNN

Ein person sitt kjønn vert som regel fastslått rett etter fødselen, og er basert på kva slags ytre kjønnsorgan det nyfødde barnet har. Informasjon om kjønn vert registrert i Folkeregisteret og går fram av fødselsnummeret.³⁴

Det er i dag ikkje regulert i lov eller forskrift kva vilkår som må vere oppfylt for at en person skal få endra sitt juridiske kjønn. Etter langvarig og fast praksis, vert kjønn i dag endra i Folkeregisteret etter at Skattedirektoratet har mottatt stadfesting frå Nasjonal behandlingsteneste for transseksualisme ved Oslo universitetssjukehus om at «endeleg konvertering av kjønn har funnet sted».³⁵ Slik stadfesting vert gitt når ein person har:

- 1) fått diagnosen transseksualisme,
- 2) fullført ein lengre psykiatrisk utredning, samt gjennom gått langvarig hormonbehandling og
- 3) fullført irreversibel sterilisering.

Dagens praksis for å få endra juridisk kjønn er i strid med sentrale menneskerettar, og har fått sterk kritikk av fleire organisasjonar.³⁶ På grunn av denne praksisen har barn i dag heller ikkje ei reell mogelegheit til å endre juridisk kjønn. Det gjer at mange over lang tid forblir registrert med eit juridisk kjønn som dei ikkje identifiserer seg med. Dette kan vere belastande, særleg når ein søker å ha eit kjønnsuttrykk som er i samsvar med kjønnsidentiteten. Utsjånaden stemmer då ikkje over eins med juridisk kjønn, noko som gjer at ein ved identifikasjon, til dømes hjå offentlege myndigheiter eller på flyplassar, må forklare situasjonen. Mange opplever dette som unødvendig utlevering av personlege opplysningar. Vidare står barnet svakare i møte med krenkingar i skolen, der inndeling i kjønn, feil bruk av pronomen og namn ofte førekjem. Juridisk kjønn i tråd med kjønnsidentiteten vil kunne anerkjenne og skape tryggleik rundt eigen kjønnsidentitet i møte med læraren og de andre elevene.

I ei avgjerd frå Likestillings og diskrimineringsombodet konkluderte ombodet med at dagens praksisen for å få endre juridisk kjønn er diskriminerande.³⁷ I ettertid av denne avgjerda er det gjort ei større utreiing på oppdrag frå Helsedepartementet, ekspertgruppa som stod for utreiinga la fram sin rapport «Rett til rett kjønn – helse til alle kjønn» i april 2015.³⁸

På bakgrunn av den nemnde utreiinga, sendte Helse- og omsorgsdepartementet sommaren 2015 forslag til ei ny lov om juridisk kjønn på høyring.³⁹ Departementet foreslår mellom anna at juridisk kjønn skal kunne verte endra ved erklæring frå ein er 16 år, og med samtykke frå foreldra etter fylte 7 år. Dei foreslåtte endringane vil i stor grad styrke rettane til personar som ikkje identifiserer seg med sitt det kjønnet dei fekk registret ved fødselen. Det er likevel grunn til å stille spørsmålsteikn ved kva kvifor ein har satt grensa på 7 år, då det også for barn under denne alderen kan vere klart at ein har ein anna kjønnsidentitet enn det som blei registret ved fødselen. Barnekonvensjonen artikkel 12 inneheld ikkje ei slik nedre grense for når barnet har rett til å gi uttrykk for si meining, og det kan tenkjast saker der det til dømes vil vere til det beste for barnet å endre juridisk kjønn før ein tek til på skulen (det året ein fyller seks år).

Det er også grunn til å sjå nærare på situasjonen der barnet sjølv har eit klart ønskje om å få endra juridisk kjønn, men foreldra motsett seg dette. Ein kan til dømes sjå føre seg eit barn på 14 år som har eit klar oppfatning av at ho er jente, men som er registrert som gut. Både omsynet til barnets beste, retten til å gi uttrykk for si meining og retten til å utvikle identiteten sin, tilseier at det burde vere ei mogelegheit for å i det minste få saka vurdert. Barneombodet foreslår i sitt høyringssvar til den nye lova om juridisk kjønn at det bør utviklast prosedyrar som kan sikre at eit uavhengig organ, til dømes Fylkesmannen, får myndigheit til å vurdere saker der barnet ønskjer å endre juridisk kjønn mot foreldra si vilje.⁴⁰

Nokon barn kjenner seg ikkje som korkje mann eller kvinne. Land som New Zealand, Danmark og Tyskland har opna for ein tredje kjønnskategori. Som i alle avgjerder som vedkjem barn, er det avgjerande at barnet får vere med på å ta ei avgjerd om dei eventuelt skal registrert som eit anna kjønn enn mann og kvinne, til dømes «X». Det er likevel gode grunnar, særleg i lys av barnet sin rett til identitet, som tilseier at dette burde vere ei mogelegheit.

TILRÅDING:

- **Gjere det mogeleg å endre juridisk kjønn ved erklæring, også for barn under 7 år**
- **Utreie mogelegheita for ekstern overprøving i saker om barn som ønskjer å endre juridisk kjønn i tilfelle der foreldra ikkje samtykker**
- **Utreie mogelegheita for å innføre ein tredje kjønnskategori**

4.4. KJØNSSIDENTITET FØR TENÅRA

I rapporten «Rett til rett kjønn» vert det framheva at for barn som opplev at det ikkje er samsvar mellom kjønnsidentitet og registrert kjønn, er informasjon, støtte og rettleiing til vaksne og andre barn i barnets sosiale nettverk viktig for at barnet i størst mulig grad kan ha ein barndom fri for sosial stigmatisering.⁴¹ Barnet kan på denne måten få utforske sin identitet og kva kjønnsuttrykk ein føler seg vel med. Ekspertgruppa viser til at ein ved å velje denne tilnærminga, anerkjenner det at det ikkje er barnet sjølv som er utfordringa, men at omverden kan reagere negativt i møte med barn som utfordrar samfunnet sine forventningar til kjønn. Det vert vist til at internasjonalt har ein slik «nettverksmodell», der spesialister, lokalt helsepersonell og barnets sosiale nettverk samarbeider tett, vist seg å fungere godt.

TILRÅDING:

- **Kommunehelsetenesta bør ha eit tilbod for råd og rettleiing til føresette, barnehage, skule og andre når eit barn skil seg frå omverda sine forventningar til kjønn.**

32) Rundskriv G-20/02 Om ny navnelov

33) Helse- og omsorgsdepartementet (2015)

34) Det 9. sifferet i fødselsnummeret er partal for kvinner og oddetall for menn. Dette inneber at personer som ønskjer å endre kjønn i Folkeregisteret, må få nytt fødselsnummer.

35) Høringsnotat - Forslag til lov om endring av juridisk kjønn (2015) pkt. 4.1.

36) Sjå til dømes kritikk frå Amnesty International Norge – Tvinges til sterilisering (2012).

37) Likestillings- og diskrimineringsombodet, fråsegn i sak 14/840

38) Rett til rett kjønn (2015).

39) Helse- og omsorgsdepartementet (2015)

40) Barneombodet (2015)

41) Rett til rett kjønn (2015) s. 131

HELSE

Av barnekonvensjonens artikkel 24 følger det at barnet har rett til å nyte godt av høgast oppnåeleg helsestandard, og at staten skal gi orientering og utdanning om helse. Staten skal også arbeide for å avskaffe helsefarlege tradisjonar. I avgjerder om barns helse må det takast omsyn til artikkel 3 om at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn og artikkel 16 om barnet sin rett til privatliv/personleg integritet.

Vidare følger det av artikkel 12 at barnet har rett til å seie meininga si i alle saker som gjeld barnet, og at meiningane til barnet skal tilleggjast vekt i samsvar med alder og modenheit. Kva som er barnet sitt beste i saker som gjeld kjønn og seksualitet er uløyseleg knytt til kva barnet sjølv meiner. Når det gjeld helsetenester til barn som er fødd med atypiske kjønnskaraktaristika (intersex) og barn som opplev manglande samsvar mellom kjønnsidentitet og registrert kjønn, er retten til helse også nær knytt til artikkel 8 om barnet sin rett til å utvikle sin identitet.

5.1. BARN SI HELSE

Unge personar som bryt med samfunnet sine normer for kjønn og seksualitet er sårbare for dårleg psykisk helse,⁴² og undersøkingar viser at desse barna oftare er i kontakt med barnevernet.⁴³ Transpersonar fortel at det å ikkje kunne leve i tråd med sjølvopplevd kjønnsidentitet, fører til dårleg livskvalitet og går ut over den psykiske helsa.⁴⁴ Som drøfta over i kapittel 2 om kunnskap og informasjon er det derfor særleg viktig at helsepersonell og personar som arbeidar i barnevernet har kunnskap om det å bryte med normer for kjønn og seksualitet.

Etter pasient- og brukarrettslova er myndigheitsalderen for samtykke til helsehjelp 16 år.⁴⁵ Spørsmålet vert derfor kva rett barn under 16 år har til å bestemme over eiga helse. Etter pasient- og brukarrettslova kan dei som har foreldreansvaret samtykke til helsehjelp for barnet. I følge den same lova skal barnet få sei sin meining i alle spørsmål som gjeld eiga helse er frå fylte 12 år. Det skal leggjast aukande vekt på kva barnet meiner ut frå alder og modenheit. Slik denne føresegna er formulert har den eit snevrare verkeområde enn barnekonvensjonen, som ikkje har noko aldersgrense for retten til å verte høyrte. Denne føresegna

oppfyller derfor ikkje Noreg sine forpliktingar etter barnekonvensjonen.

For å oppfylle barn sin rett til å få gi uttrykk for si meining etter barnekonvensjonen må legar og anna helsepersonell som møter barn vere serleg sensitive for kva syn barnet gir uttrykk for, og legge vekt på dette i tråd med barnet sin alder og utvikling. Dette gjeld også når barnet er av ei anna meining enn foreldra.

TILRÅDING:

- Pasient- og brukarrettslova vert endra, slik at det ikkje er ei nedre grense for barnet sin rett til å verte høyrte i helse spørsmål
- Helsepersonell må lærast opp til å vere sensitive for barnet sine meiningar, og tillegge desse vekt, også når det er i strid med det foreldra meiner

5.2. INTERSEX-BARN

Barn som er født med kjønnskaraktaristikkar som skil seg frå det som typisk meinast med «guttekroppar» eller «jente-kroppar» (intersex) vert i dag som oftast operert like etter fødselen. Gjennom ulike undersøkingar, mellom anna av kromosom, indre kjønnsorgan og andre kroppslege eigenskapar, konkluderer legane med kva for eit kjønn dei meiner barnet skal ha.⁴⁶ Hå nokon vil det ikkje vere synleg utanpå eller ved en kromosomtest, men ved hormonsamansetning. Slike tilfelle vert ofte ikkje oppdaga før barnet har kome inn i puberteten. Det er foreldra som avgjer om operasjon og/eller hormonbehandling skal gjennomførast. Ofte vert barna operert medan dei framleis er spedbarn. Føremålet med slike operasjonar er at barnet sin kropp skal verte forstått som enten «guttekropp» eller «jentekropp».

Praksisen med å operere barn med atypiske kjønnskaraktaristika har vorte sterkt kritisert både i Noreg⁴⁷ og av internasjonale menneskerettsorgan, her under fleire organ i FN-systemet.⁴⁸ Mellom anna har FN sin spesialrapportør



⁴² Anderssen og Malterud (2013) s. 8 og Van der Ros (2013) s. 56

⁴³ Moseng (2007) s. 38

⁴⁴ Van der Ros (2013) s. 59

⁴⁵ Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettar

⁴⁶ Hanger (2008)

⁴⁷ LLH - Intersex/interkjønn

⁴⁸ Office of the High Commissioner of Human Rights (2015).

på tortur oppmoda alle statar til å avskaffe lover som tillét «kjønnsnormaliserande» operasjonar.⁴⁹ Bakgrunnen for denne kritikken er at det i lys av barn sine menneskerettar ikkje kan forsvarast å utføre irreversibel kirurgi og gi hormonbehandling, som ikkje er medisinsk naudsynt, til barn som ikkje kan samtykke og før barnet har utvikla sin kjønnsidentitet. Kirurgiske inngrep og hormonell behandling kan også medføre alvorlege medisinske komplikasjonar som tap av reproduktive evner og seksualfunksjon. I tillegg kan barnet komme til å ha en anna kjønnsidentitet enn det kjønnet legane og foreldra avgjer at barnet skal ha.

Barnets beste og barnet si eiga mening må etter barnekonvensjonen leggjast til grunn for å sikre menneskerettane til barn som er fødd med atypiske kjønnskaraktaristika. Det er derfor svært viktig at det vert utarbeida klare retningslinjer for behandling av desse barna i tråd med barnet sine grunnleggjande menneskerettar. Foreldra må på sjukehuset også får god og oppdatert informasjon om organisasjonar for intersex-personar og andre som dei kan kontakte for å drøfte ulike spørsmål dei måtte ha i denne situasjonen.

TILRÅDING:

- Eventuell hormonbehandling og operasjoner må ikkje gjennomførast før barnet er gamalt nok til å kunne avgjere sjølv korleis kroppen skal utvikle seg og kan gi et informert samtykke.
- Det bør settas i verk ei offentleg utreiing for å utarbeida klare retningslinjer for behandling av barn som er fødd med atypiske kjønnskaraktaristika. Desse retningslinjene må ta opp i seg barnets grunnleggjande menneskerettar.
- Foreldra må i møte med helsevesenet få informasjon om organisasjonar for intersex-personar.

5.3. BARN MED KJØNNSIDENTITETS-TEMATIKK

Personar som opplev manglande samsvar mellom kjønnsidentitet og det juridiske kjønn som dei vart tildelt ved fødsel kan oppleve djupt ubehag og psykisk smerte som følgje av dette.⁵⁰ Slike plager kan med eit samleomgrep

kallast «kjønnsdysfori». I rapporten «Rett til rett kjønn» vert det lagt til grunn at kjønnsdysfori ikkje er ei psykisk lidning.⁵¹ For mange vil likevel kjønnsdysforien medføre ei rekkje psykiske og sosiale følgjeproblem som stress, skam og sosial ekskludering. Sjølv om det manglande samsvaret mellom registrert kjønn og kjønnsidentitet ikkje i seg sjølv er ei psykisk lidning, kan opplevinga altså likevel føre til at barn kan ha behov for psykisk helsehjelp.

Mange barn som opplev å ha ein anna kjønnsidentitet enn dei vart registrert med ved fødselen, ønskjer medisinsk behandling for at kroppen skal verte i samsvar med kjønnsidentiteten. For barn vil dei aktuelle behandlingmetodane vere rettleiing, pubertetsutsettande behandling, hormonbehandling for å gjere kroppen meir feminin eller maskulin, samt eventuell kirurgi.⁵²

Etter dagens praksis må ein ha fått diagnosen transseksualisme før ein kan få slik behandling frå norsk helsevesen.⁵³ Denne diagnosen vert gitt ved Nasjonal behandlingsteneste for transseksualisme (NBTS) ved Rikshospitalet. I Skeiv Ungdom sin informasjonsfilm om kjønns mangfald «Se oss» fortel fleire unge transpersonar at dei var svært bekymra før dei skulle i samtale med behandlingstenesta fordi dei var redde for å ikkje «passe inn» i diagnosen.⁵⁴ Nokre fortel at dei ikkje var ærlege i svara sine fordi dei var redde for å svare «feil» og derfor ikkje bli diagnostisert, og derfor ikkje få den behandlinga dei ønskja. Det kan stillast spørsmåls-teikn ved om det i det heile er naudsynt å gi ein slik diagnose for å gi til dømes pubertetsutsettande behandling til barn.

I rapporten «Rett til rett kjønn» vert det tilråda at fleire enn i dag skal få tilbod om behandling og oppfølging når ein opplev ubehag og plager på grunn av manglande samsvar mellom kjønnsidentiteten og det kjønnet dei blei registrert med ved fødselen.⁵⁵ I rapporten vert det også peika på at mange barn har kome til den nasjonale behandlingstenesta på Rikshospitalet for utredning dei siste åra, men at få barn har fått behandling. For å betre helsetilbodet til barn som opplev at det ikkje er semje mellom kjønnsidentiteten og registrert kjønn, foreslår ekspertgruppa at dei regionale helseføretaka skal sørge for hormonbehandling og anna nødvendig helsehjelp til barn.⁵⁶

Etter pasient- og brukarrettslova er myndigheitsalderen for samtykke til helsehjelp 16 år. Dette må også omfatte helsehjelp i form av pubertetsutsettande og kjønnsbek-

reftande behandling.⁵⁸ Pubertetsutsettande behandling kan spare barn for lidning og unngå unødvendige omfattande operasjonar seinare. Dette gir også barnet tid til å utforske sin kjønnsidentitet og gjer det lettare å verte oppfatta som det kjønnet ein identifiserer seg som. Tiltaket er altså førebbyggjande, og reversibelt dersom ein avsluttar behandling.

Når barnet er blitt 16 år er det imidlertid for seint med pubertetsutsettande behandling. Det må som utgangspunkt leggjast til grunn at dei fleste foreldra vil handtere ein slik sak i tråd med barnet sine meiningar og ut frå kva som er det beste for barnet. Ein kan likevel tenkje seg situasjonar der foreldra tek avgjerder ut frå andre omsyn enn kva som er til det beste for barnet. Dersom barnet ønskjer kjønnsbekreftande eller pubertetsutsettande behandling, men foreldra ikkje samtykkjer, vert spørsmålet om ei ekstern myndigheit har høve til å avgjere om slik behandling likevel skal verte gitt. Som drøfta over i relasjon til endring av juridisk kjønn, bør det også i desse sakene leggjast til rette for prosedyrar som gjer det mogeleg for barnet å få saka si prøvd, sjølv om dette vil vere eit inngrep i foreldreansvaret.⁵⁹

TILRÅDING:

- Det bør sikrast at alle barn får naudsynt behandling og oppfølging ved manglande samsvar mellom kjønnsidentiteten og det kjønnet dei blei registrert med ved fødselen, dersom dei sjølv ønskjer dette.
- Behandlingstenestene for barn som opplev manglande samsvar mellom kjønnsidentitet og registrert kjønn bør desentraliserast til dei regionale helseføretaka.
- Mogelegheita for ekstern overprøving i saker om barn som ønskjer kjønnsbekreftande behandling når foreldra ikkje samtykker bør utreiast.

49) United Nations General Assembly (2013)

50) Rett til rett kjønn (2015) s. 48

51) Rett til rett kjønn (2015) s. 123

52) Etter dagens praksis vert det ikkje utført genital kirurgi som kjønnsbekreftande behandling på barn. Det går ikkje fram av rapporten Rett til rett kjønn at dette vert foreslått endra.

53) Rett til rett kjønn (2015) s. 123

54) Skeiv Ungdom: Se oss – en informasjonsfilm om kjønns mangfold (2014)

55) Rett til rett kjønn (2015) s. 126

56) Rett til rett kjønn (2015) s. 139

57) Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettar.

58) Rett til rett kjønn (2015) s. 123. For ei nærare drøfting av barn sin rett til pubertetsutsettande og kjønnsbekreftande behandling, sjå Sondrup (2015)

59) Sondrup (2015) skriv på side 87 at Fylkesnemnda for barnevern og sosiale saker bør kunne avgjere eit slikt spørsmål

LIV, UTVIKLING OG FRIDOM FRÅ OVERGREP

Staten skal etter barnekonvensjonen 19 verne barnet mot fysisk eller psykisk mishandling, vanstell eller utnytting. Føresegna omfattar også vern mot mobbing og trakassering. Etter artikkel 10 pliktar staten også å så langt som mogleg å sørge for at barn overlev, veks opp og får utvikle seg. Denne føresegna inneber mellom anna ei plikt for statane til å arbeide for å førebyggje og hindre sjølvmoordsforsøk og sjølvmoord blant barn.

6.1. VALD OG OVERGREP

Forskning viser at barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet er ei sårbar gruppe med omsyn til vald og overgrep i familien.⁶⁰ Nokre opplev mellom anna å verte avvist, kasta ut eller utsett for fysisk eller psykisk vald frå familien.⁶¹ Vald mot barn har svært alvorlege skadeverknader.

Lesbiske og homofile med samisk bakgrunn,⁶² og unge med ikkje-normativ kjønnsidentitet er særleg sårbare for vald i familien.⁶³ Undersøkingar viser også at barn av første-generasjons innvandrarak/ flyktningar og andre barn med innvandrarakgrunn busett i Norge oftare vert utsett for trakassering, vald, og tvang frå sin familie og/eller sitt etniske miljø.⁶⁴

Nokre forskingsprosjekt viser at personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet opplev meir omsorgssvikt og vald frå egne foreldre i barndommen enn andre unge.⁶⁵ Det ligg imidlertid ikkje føre gode svar på korleis ein skal tolke desse funna. Det er derfor naudsynt med meir forskning på dette feltet.

Undersøkingar kan også tyde på at barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet er meir utsett for vald utanfor familien.⁶⁶ Det er likevel ikkje grunnlag for å seie at valden er motivert av offeret sin seksuelle orientering. Under samlinga i regi av Redd barna kom vald opp som eit tema, og ein av deltakarane fortalde om ei grov valdsepisode her ho opplevde å verte slått ned på ein ungdomsklubb. Ein person på om lag same alder hadde kome mot ho og

slått ho i ansiktet og ropt skjellsord knytt til hennar kjønnsidentitet.

Dette tilfellet er grov hatkriminalitet basert på kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Straffelova av 2005 forbyr hatefulle ytingar på grunn av homofil orientering (§ 185), og skjerpar straffa for kriminalitet som er gjort på bakgrunn av offeret sin homofile orientering eller andre forhold som «støter an mot grupper med et særskilt behov for vern» (§ 77).⁶⁷ Denne samlenemninga vil omfatte hatkriminalitet mot personar som på andre måtar bryt med normer for kjønn og seksualitet. Det ville likevel sende eit tydeleg signal om dette følgde uttrykkeleg av lovteksten. Straffelova omfattar ikkje hatytringar på grunn av kjønn, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, og heller ikkje hatytringar mot bifile eller intersex-personar. Eit naturelg alternativ til «homofile orientering» er å nytte omgrepet «seksuell orientering».

I Likestillings- og diskrimineringsombodet sin rapport «Hatyringer og hatkriminalitet», vert det peika på fleire en rekke utfordringar og manglar med myndighetene sitt arbeid for å motverke hatytringar og hatkriminalitet.⁶⁸ Ombodet anbefaler derfor at det vert utvikla ein nasjonal handlingsplan for å bekjempe hatkriminalitet, mellom anna på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Det er i Noreg få saker om hatkriminalitet mot personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet som vert meldt til politiet, men det er grunn til å tru at det er store mørketal på dette området.⁶⁹ Landsforeninga for lesbiske og homofile meiner at auka kompetanse hjå politiet kan bidra til å endre på dette, og politi og påtalemyndigheit er derfor målgruppa for Rosa justis, eit delprosjektet av undervisningsopplegget Rosa kompetanse.

I regjeringa sin tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom «En god barndom varer livet ut», er det ramsa opp ei rekkje tiltak for å hindre og førebyggje vold og overgrep mot barn. Nokre tiltak er retta mot særleg sårbare grupper, her under barn i minoritets-

60) Van der Ros (2013) s. 72 og Moseng (2007) s. 9

61) Raundalen (2009) s. 8-9

62) Grønningsæter og Nuland (2009) s. 8

63) Van der Ros (2013) s. 72 og utover.

64) Elgvin, Bue og Grønningsæter (2013) s. 104

65) Fjær, Gundersen og Mossige (2013) s. 53

66) Hegna (2007) s. 9-10

67) Lov av 20. mai 2005 nr. 28 om straff.

68) Likestillings- og diskrimineringsombodet (2015)

69) LLH – Rosa justis

familiar og barn med nedsett funksjonsevne.⁷⁰ Barn som bryt med normene for kjønn og seksualitet er imidlertid ikkje nemnd i tiltaksplanen.

TILRÅDING:

- Sette i verk konkrete tiltak for å førebyggje og hindre vald og overgrep mot barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet.
- Sette i gang offentleg finansierte forskingsprosjekt om vald mot barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet.
- Uttrykkeleg inkludere kjønn, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk i straffelova sine reglar om hatytringar og hatkriminalitet
- Utarbeide ein nasjonal handlingsplan for å bekjempe hatytringar og hatkriminalitet. Handlingsplanen må ha eit sterkt barneperspektiv

6.2. MOBBING OG TRAKASSERING

Opplæringslova⁷¹ pålegg skulen å drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, her under tiltak som skal fremje det psykososiale skulemiljøet. Skulen skal her under arbeide for å hindre og førebyggje mobbing og diskriminering. Etter diskrimineringslova om seksuell orientering er skulen også pålagt å arbeide aktivt for å førebyggje og hindre trakassering.⁷²

Dersom skulen ikkje overheld sine plikter etter opplæringslova er Fylkesmannen klageinstans. I rapporten «Bekymringsmelding: Krenkelser i skolen - Brudd på elevenes rett til et godt skulemiljø» har Barneombodet undersøkt praksis i slike klagesaker.⁷³ Barneombodet er mellom anna bekymra for at barna ikkje vert høyrte i klagesakene, og for mangel på oppfølging av fylkesmannens vedtak i klagesak. Det er ingen verkemidlar tilgjengelig for å få skulen til å følgje opp vedtak og mobbinga kan halde fram.

Fleire undersøkingar viser at barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet er ei sårbar gruppe når det gjeld mobbing og trakassering.⁷⁴ Mobbing og trakassering kan kome både frå medelevar og vaksne, her under lærarar.⁷⁵ «Homo» er eit av dei vanlegaste skjellsord i norske skolegardar, noko som fortel om eit generelt negativt syn på homofili. Undersøkingar viser også at bruken av skjellsordet vert knytt til det å vere «femi», og skjellsordet handlar slik minst like mykje om kjønnsuttrykk som seksuell orientering.⁷⁶ Transpersoner fortel at dei som skuleelevar opplevde å ha valet mellom enten å skjule sin kjønnsidentitet, eller ein skulekvardag prega av mobbing, trakassering og vald.⁷⁷

Under samlinga i regi av Redd Barna kom det fram at fleire av deltakarane hadde negative opplevingar med mobbing og trakassering knytt til seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk. Fleire av deltakarane opplevde mykje seksuell trakassering, og at det blei sett på som ein «fetisj» å bryte med normene for kjønn og seksualitet. Særleg opplevde dei mange ubehagelege spørsmål frå jamnaldrande knytt til sex og seksuelle preferansar.

Djupedals-utvalet leverte i 2015 sin rapport «Å høre til – Virkemidler for et trygt psykososialt skulemiljø».⁷⁸ Utvalet viser i rapporten til heteronormativitet for å forklare krenkingar på grunnlag av seksuell orientering, kjønnsuttrykk og kjønnsidentitet. Utvalet vurderer verkemidlar for å skape et trygt psykososialt skulemiljø, og tilrår at det vert bygd opp fagmiljø med spisskompetanse om krenkingar, mobbing, trakassering og diskriminering knytt til diskrimineringsgrunnlag i skulen. Det vert også foreslått at styresmaktene bør sikre at støtta til organisasjonar som tilbyr kompetanseheving til skular om trakassering, vert forutsigbar. Dette forslaga er i tråd med tilrådingane i kapittel 2 i denne rapporten.

I Utdanningsdirektoratet sin rettleiar for tilsette og leiarar i grunnskolen «Arbeid mot mobbing» er barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet ikkje særskilt nemnt.⁷⁹ Det same gjeld samarbeidsprosjektet «Manifest mot mobbing 2011-2015».⁸⁰

TILRÅDING:

- Sette i verk konkrete tiltak for å førebyggje og hindre mobbing og trakassering av barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet, her under utarbeide nasjonale retningslinjer for skulane sitt arbeid for å hindre og førebyggje mobbing og trakassering.
- Følgje opp utdanningsinstitusjonar og organisasjonar si plikt til å arbeide mot trakassering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk
- Gjere klagemoglegheita hjå Fylkesmannen effektiv og tilgjengeleg for barn.
- Sikre at barn som bryt med normene for kjønn og seksualitet vert inkludert i handlingsplanar og liknande som gjeld mobbing i skulen.

6.3. SJØLMORD OG SJØLMORDSFORSØK

Norsk og internasjonal forskning viser at barn som bryt med normene for kjønn og seksualitet har høgare sårbarhet for sjølvordsforsøk enn andre barn.⁸¹ Sjølvordsstankar hjå desse barna må sjåast i samheng med frykta for å ikkje verte akseptert og ikkje passe inn i samfunnet sine forventningar til kjønn og seksualitet. Studiar viser også ein samheng mellom det å verte utsett for vald, trakassering og mobbing, og dårleg psykisk helse.⁸² Det kan også vere ein samheng mellom slike overgrep og ønske om å ta sitt eige liv. Somme fortel også at dei ikkje orkar å måtte motbevise fordommar og vil derfor ikkje vere open om sin seksuelle orientering. For å sleppe sanksjonar forsøker nokon å verte oppfatta som mest mulig alminnelege. Slik undertrykking av eigen identitet og seksuelle orientering er observert blant unge lesbiske og homofile som har forsøkt å ta sitt eige liv.⁸³

Både barn/unge og LHBT-personar identifisert som sårbar gruppe i Regjeringa sin handlingsplan mot sjølvskading og sjølvord.⁸⁴ Likevel er problemstillingar knytt til seksuell orientering i liten grad i fokusert i helsearbeidarane sitt

møte med menneske med sjølvordsåtferd.⁸⁵ Dette kan ha svært stor betydning for det enkelte barn sitt møte med helsevesenet.⁸⁶

TILRÅDING:

- Sette i verk konkrete og effektive tiltak for å hindre og førebygge sjølvord og sjølvordsforsøk blant barn som bryt med normene for kjønn og seksualitet.
- Sikre at personar som arbeidar med barn og unge si psykiske helse har kunnskap og medvit om utfordringar knytt til kjønn og seksualitet, og korleis møte desse barna på ein respektfull og inkluderande måte.

70) Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2014)

71) Lov av 17. juli 1998 nr. 1 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.

72) Lov av 21 juni 2013 nr. 58 om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk.

73) Barneombodet (2012)

74) Hegna (2007) s. 9 og Van der Ros (2013) s. 72

75) Andersen og Malterud (2013) s. 15

76) Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (2014) s. 29 med vidare tilvising

77) Van der Ros (2013) s. 73.

78) NOU 2015: 2

79) Utdanningsdirektoratet (2011)

80) Manifest mot mobbing (2011-2015) er eit samarbeid mellom regjeringa v/Kunnskapsdepartementet, KS, Utdanningsforbundet, Fagforbundet, Norsk Skolelederforbund, Skolenes landsforbund, Foreldreutvalget for grunnopplæringa og Foreldreutvalget for barnehager og Sametinget.

81) Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (2008) og Schutzmann m.fl. (2007)

82) Hegna (2007) s. 47

83) Andersen og Malterud (2013) s. 170

84) Helsedirektoratet (2014)

85) Angeltvedt (2007)

86) Sjå meir om kunnskap blant helsepersonell i kapittel 2.

OPPSUMMERING/SAMANDRAG

Denne rapporten viser at barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet vert dårlegare stilt enn andre barn på fleire sentrale område som utdanning og helse. I lys av Noreg sine forpliktingar etter FN sin barnekonvensjon må styresmaktene sette i verk konkrete og effektive tiltak for å sikre at barn får oppfylt sine menneskerettar. Å følgje tilrådingane i denne rapporten vil vere ein god start på dette arbeidet.

Mangel på kunnskap og tilgjengeleg informasjon skapar utryggleik blant både barn og vaksne. Det er derfor naudsynt at styresmaktene tek ansvar for å sørge for opplæring og etterutdanning av alle som arbeidar med barn. Det må også vere trygg og tilgjengeleg informasjon på nett, og informasjonen må ha ei slik form at den kan lesast av barn.

Barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet har gjennom lovverket vern mot diskriminering. Dei klagemogelegheitene som ligg føre er likevel ikkje lagt til rette for barn, og det finst derfor få klagesaker som gjeld barn. Det at barn ikkje alltid er opne om sin seksuelle orientering eller kjønnsidentitet med familie og vener, bidreg også til at barn ikkje vågar å fortelje om diskriminering dei opplev. Klagemogelegheitene for barn må utbetrast slik at dei vert effektive og reelt sett tilgjengelege for barn.

Mange barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet møter sanksjonar når dei er opne om kven dei er. Desse barna vert oftare utsett for vald, både i og utanfor familien, og opplev mobbing og trakassering. Barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet er også meir sårbare for psykisk uhelse og sjølvordsforsøk. Det er derfor svært viktig at helsepersonell og andre fagpersonar, som til dømes tilsette i barnevernstenesta, har kunnskap om det å bryte normer for kjønn og seksualitet. Barna må møtast på ein respektfull og inkluderande måte. Styresmaktene må sette i verk konkrete tiltak for å hindre vald og overgrep mot barn som bryt med normer for kjønn og seksualitet, og sikre at hatkriminalitet mot desse barna vert uttrykkeleg forbode.

For barn som opplev manglande samsvar mellom kjønnsidentiteten sin og det kjønn dei vart tildelt ved fødselen, er det viktig at foreldre, barnehage og helseteneste samarbeider for å sikre barnet ein barndom der ein kan få utforske og utvikle sin identitet utan å møte sanksjonar. Når barna vert eldre kan det verte viktig å få endre namn og juridisk kjønn. Den foreslåtte lovendinga om erklæringsmodell for juridisk kjønn vil vere eit viktig steg i rett retning, og bør gjelde for alle barn. Barn med kjønnsidentitetstematikk

må også få den helsehjelpa dei treng. Mellom anna ønskjer mange av desse barna pubertetsutsettande behandling.

Både når det gjeld namn, juridisk kjønn og medisinsk behandling er det svært viktig at barnet får gi uttrykk for si meining og at det vert lagt vekt på denne. Sjølv om mange foreldre vil klare å ta val som er til det beste for barnet i desse sakene, må det vurderast om barnet skal ha mogelegheit til å få prøvd saken sin der barn og foreldre har motstridande interesser. Barn skal ikkje mått lide under at nokre foreldre har snevre rammer for kjønn og seksualitet. Det same omsynet gjer seg gjeldande i høve til barn fødd med atypiske kjønnskarakteristika (intersex). Desse barna må sjølv få bestemme over sin eigen kropp. Medisinsk unødvendige og irreversible operasjonar for å få barnet sin kropp til å sjå meir ut som ein typisk «jentekropp» eller «guttekropp» er eit grovt brot på barn sine menneskerettar.

KJELDER

- Amnesty International Norge**, *Tvinges til sterilisering* (2012) 25.05.2012
<http://www.amnesty.no/aktuelt/flere-nyheter/tvinges-til-sterilisering> [sitert 07.12.2015]
- Andersen, Normann og Kirsti Malterud** (red.), *Seksuell orientering og levekår*, Uni Helse, 2013.
- Angeltvedt, Rolf M.**, «Ignorering av seksuell orientering i helsevesenets møte med selvmordsnære pasienter» *Suicidologi* Årg. 12 (2007) s. 14-7.
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**, *En god barndom varer livet ut - Tiltaksplan for å bekjempe vold og seksuelle overgrep mot barn og ungdom* (2014–2017), 2014.
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**, *Handlingsplan: Bedre livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner* (2009-2012), 2008.
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/bld/homofile-og-lesbiske/hplhbtseptember2008.pdf>
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**, *Høring - forslag til felles likestillings- og diskrimineringslov*, 2015.
- Barne-, Ungdoms- og familiedirektoratet**, *LHBT: Status 2014, Faktahefte. Kunnskap om levekår og livskvalitet for lesbiske, homofile, bifile og transpersoner*, 2014.
- Barneombudet**, *Barneombudets høringsvar - forslag til lov om endring av juridisk kjønn*, 05.11.2015
- Barneombudet**, *Bekymringsmelding - Krenkelser i skolen - Brudd på elevenes rett*
- COC Netherlands, Transgender Network Netherlands, og Netherlands Network Intersex/DSD**, *The Rights of LGBTI Children in The Netherlands- A shadow report to the UN Committee on the Rights of the Child*, 2014.
- Commissioner for Human Rights**, *LGBTI children have the right to safety and equality* 02.10.2014
<http://www.coe.int/en/web/commissioner/-/lgbti-children-have-the-right-to-safety-and-equality> [sitert 07.12.15]
- Committee on the Rights of the Child** - General comment No. 15 (2013) on the right of the child to the enjoyment of the highest attainable standard of health (art. 24)*
- Committee on the Rights of the Child**, General comment No. 15 (2013) on the right of the child to the enjoyment of the highest attainable standard of health (art. 24)*
- Committee on the Rights of the Child**, General Comment No. 5 (2003), General measures of implementation of the Convention on the Rights of the Child (arts. 4, 42 and 44, para. 6)
- Drefvelin, Caroline**, «Mener skolen svikter transungdom», *NRK Livsstil*, 29.01.2015.
<http://www.nrk.no/livsstil/mener-skolen-svikter-transungdom-1.12172302> [sitert 05.12.15]
- Elgesem, Frode**, *Vurdering av fordeler og ulemper ved eventuell norsk tilslutning til FNs barnekonvensjons tilleggsprotokoll om individuell klagerett - En juridisk analyse*, 2013.
- Elgvin, Olav, Kristine Bue og Arne Backer**, *Åpne rom, lukkede rom: LHBT i etniske minoritetsgrupper*, Fafo-rapport 2014:49.
- European Union Agency for Fundamental Rights**, *EU LGBT survey European Union lesbian, gay, bisexual and transgender survey*, 2013.
- Fjær, Eivind Grip, Tonje Gundersen & Svein Mossige**, *Lesbiske, homofile, bifile og transpersoners utsatthet for vold i nære relasjoner – En kunnskapsoversikt*, NOVA rapport nr. 5 2013.
- Grønningsæter, Arne Backer og Bjørn Richard Nuland**, *Lesbiske og homofile i Sápmi - En narrativ levekårsundersøkelse*. Fafo-rapport 2009:26.
- Grønningsæter, Arne Backer, Hans Wiggo Kristiansen, Bjørn Lescher-Nuland** (red.), *Holdninger, levekår og livsløp - Forskning om lesbiske, homofile og bifile*, 1. utg, 2013.
- Hanger, Mari Rian**, «Finner barnets egentlige kjønn» *Dagens medisin*, 11.09.2008.
<http://www.dagensmedisin.no/artikler/2008/09/11/finner-barnets-egentlige-kjonn/> [sitert 08.12.2015]
- Hegna, Kristinn**, *Homo? Betydningen av seksuell erfaring, tiltrekning og identitet for selvmordsforsøk og rusmiddelbruk blant ungdom : en sosiologisk studie*. Nova-rapport nr 1 2007.
- Helse- og omsorgsdepartementet**, *Høringsnotat - Forslag til lov om endring av juridisk kjønn*, 2015.
- Helsedirektoratet**, *Handlingsplan for forebygging av selvmord og selvskading* (2014–2017), 2014.
- Høstmælingen, Njål, Elin Saga Kjørholt og Kirsten Sandberg** (red.), *Barnekonvensjonen - Barns rettigheter i Norge*. 2. utgave 2012.
- Kunnskapsdepartementet**, *Manifest mot mobbing 2011-2015*, 2011.
- Kvalø, Kirsten Kolstad**, *Å ha rett eller å få rett. Gir norsk rett effektive rettsmidler ved krenkelser av FNs barnekonvensjon? Masteroppgåve i rettsvitenskap*, Universitet i Oslo 2014.
- Likestillings- og diskrimineringsombudet**, *Hatytringer og hatkriminalitet*, 2015.
- LLH**, *Intersex/interkjønn*, 02.04.2014, http://www.llh.no/nor/om_deg/transpersoner/interkjonn+intersex/ [sitert 08.12.2015]
- LLH**, *Rosa justis*, http://www.llh.no/nor/prosjekter/rosa_kompetanse/rosa_justis/ [sitert 08.12.2015]
- Moseng, Bera Ulstein**, *Vold mot "homofil" ungdom - En representativ undersøkelse av omfang, risiko og beskyttelse. Ung i Oslo 2006*. NOVA-rapport nr. 19 2007.
- NOU 2015: 2 Å høre til – Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø**
- Office of the High Commissioner of Human Rights**, *Discriminated and made vulnerable: Young LGBT and intersex people need recognition and protection of their rights International Day against Homophobia, Biphobia and Transphobia* 17.05.2015
<http://www.ohchr.org/EN/NewsEvents/Pages/DisplayNews.aspx?NewsID=15941&LangID=E#sthash.LHHzrapZt.dpuf>
- Optional Protocol to the Convention on the Rights of the Child on a communications procedure**, A/RES/66/138 of 19 December 2011, entered into force on 14 April 2014
- Raundalen, Magne**, *Prosjektet "Barn som lever med vold i familien" Bulletteng nummer 6, Vold mot barn- skader*, 2009.
- Rett til rett kjønn – helse til alle kjønn, Utredning av vilkår for endring av juridisk kjønn og organisering av helsetjenester for personer som opplever kjønnsinkongruens og kjønnsdysfori*, Helsedirektoratet, 2015.
- Schutzmann, Karsten, Lisa Brinkmann, Melanie Schacht og Hertha Richter-Appelt**, "Psychological distress, self-harming behaviour, and suicidal tendencies in adults with disorders of sex development. Archives of sexual behaviour," *Archives of Sexual Behavior* Årg. 38 (2007) s. 16-33.
- Sex og samfunn**, *Samtalegruppe for unge transpersoner*. <http://www.sexogsamfunn.no/sex/identitet/Samtale-gruppe-for-unge-transpersoner/Samtalegruppe-for-unge-transpersoner-373/>
- Skeiv Ungdom**, *Mannen, kvinnen og meg. Et hefte om transpersoner og de av oss som bryter med samfunnets normer Rett til kjønnsidentitet og –uttrykk*, 2015.
- Skeiv Ungdom**, *Se oss – en informasjonsfilm om kjønns mangfold*, 20.11.2014.
<https://www.youtube.com/watch?v=oabGE3wJQ5E>
- Skeiv Ungdom**, *Restart*, 06.02.2012. <http://www.skeivungdom.no/prosjekter/skolerestart/>
- Sondrup, Anders**, *Har barnet rett til rett kjønn? Masteroppgåve i rettsvitenskap*, Universitet i Oslo 2015.
til et godt skolemiljø, 2012.
- United Nations General Assembly**, *Report of the Special Rapporteur on torture and other cruel, inhuman or degrading treatment or punishment, Juan E. Méndez*, A/HRC/22/53, 2013.
- Utdanningsdirektoratet**, *Arbeid mot mobbing - Veileder for ansatte og ledere i grunnskolen*, 2011.
- Van der Ros, Janneke**, *Alskens folk, Levekår, livssituasjon og livskvalitet for personer med kjønnsidentitetstematikk*, Likestillingscenteret, 2013.
- Øverås, Hanne**, «Både spesielt og ikke spesielt: BUP-terapeuters møte med ikke-heterofil ungdom» *Tidsskrift for Norsk Psykologforening*, 2010, s. 514-517.

Rundskriv G-20/02 Om ny navnelov

- Likestillings- og diskrimineringsombudet, fråsegn i sak 14/1343
 Likestillings- og diskrimineringsombudet, fråsegn i sak 14/1677
 Likestillings- og diskrimineringsombudet, fråsegn i sak 14/2375
 Likestillings- og diskrimineringsombudet, fråsegn i sak 14/840

- Lov av 17. juli 1998 nr. 1 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa.
 Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukarrettar.
 Lov av 7. juni 2002 nr. 19 om personnamn.
 Lov av 20. mai 2005 nr. 28 om straff.
 Lov av 21 juni 2013 nr. 58 om forbod mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønn-uttrykk.

- Prop.88 L (2012-2013) Diskrimineringslovgivning (diskrimineringsloven om seksuell orientering, likestillingsloven, diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)

ORDLISTE

I denne rapporten vert følgjande definisjonar lagt til grunn:

[Seksuell orientering]

Seksuell orientering handlar om kven vi blir forelska i, seksuelt tiltrekt av, og ønskjer å være saman med. Dei vanligaste seksuelle orienteringane er heterofil, homofil, bifil og lesbisk. Nokon bruker også omgrepet skeiv.

[Kjønnsidentitet]

Ein person si indre oppleving av å være kvinne, mann, både kvinne og mann eller ingen av delane. Dei fleste identifiserer seg med det kjønn som vert registrert ved fødsel, men ikkje alle.

[Kjønnsuttrykk]

Måten ein uttrykkjer sin kjønnsidentitet på, slik at omgivnadene oppfattar kva kjønn ein har. Dette er noko alle gjer i større eller mindre grad, gjennom klede, hårfrisyre, sminke, kroppsspråk og andre uttrykk. Dei fleste presenterer seg i et kjønnsuttrykk som blir oppfatta som klart mannlig eller klart kvinnelig, medan andre har eit kjønnsuttrykk som bryter med todelinga mellom mann og kvinne.

[Homofil]

Person som kan verte forelska og/eller seksuelt tiltrekt av nokon av sitt eige kjønn. Omgrepet omfattar både gutar, jenter og transpersnar, men vert oftast brukt om menn.

[Lesbisk]

Jente som kan verte forelska og/eller seksuelt tiltrekt av nokon av sitt eige kjønn.

[Bifil]

Person som kan verte forelska og/eller seksuelt tiltrekt av en person uavhengig av om vedkommande er mann eller kvinne.

[Trans]

Omgrepet 'trans' rommar mange ulike identitetar, kjønnsuttrykk og seksualitetar. Transperson er ein person som har ein identitet og/eller utsjånad som uttrykker eit anna kjønn enn det som blei registrert for personen ved fødsel. Nokon transpersonar føler at dei korkje er menn eller kvinner. Det er individuelt i kva grad transpersoner ønskjer behandling for å få kroppen meir i samsvar med kjønnsidentiteten.

[Transseksualisme]

Transseksualisme er ein medisinsk diagnose. Personar som er transseksuelle ønskjer ofte hormonell og/eller kirurgisk behandling for å gjere kroppen mest mogeleg i samsvar med sin kjønnsidentitet.

[Intersex]

Person som er født med kjønnskarakteristikkar som skil seg frå det som vanlegvis vert oppfatta som «gutekroppar» eller «jentekroppar». Det fører ofte til usikkerheit rundt kva for eit av dei de to juridiske kjønna som kan verte tildelt ved fødselen. Hjø nokon vil det ikkje vere synleg utanpå eller ved kromosomtest, men vise seg gjennom atypisk hormonsamansetning. Dette vert ofte ikkje oppdaga før barnet har kome inn i puberteten. Interseksualisme er eit samleomgrep for ulike medisinske diagnosar.



Redd Barna



Skeiv Ungdom
for mangfold / mot diskriminering